

# Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrenser

Kommunane som står bak søknaden har alle små- og mellomstore tenester, som er relativt sårbare når det kjem til ressursar og tilgang på kompetanseheving. Prosjektkommunane ser behovet for vidareføring og vidareutvikling av prosjektet framover, og den vidare planen vil ha fokus på måla i oppvekstreforma, gjennom å utvikle verksame hjelpetiltak på tvers av kommunegrenser, og å utvikle førebyggjande tiltaksapparat i samarbeid med tilstøytande tenester i våre kommunar. Vi vurderer at det er ein styrke med våre kommunar, og at dette er mogleg å få til sidan vi er relativt små og vegen mellom tenestene er «kort». Det er engasjement i kommunane for å vidareutvikle prosjektet, og tilbakemeldingane frå dei tilsette er at temaa i prosjektet er nyttig og aktuelt.



## Bakgrunn

Kommunane var saman på Tenestestøtteprogrammet i 2017-2018, og som ein del av programmet arbeidde vi med utviklingsplanar for tenestene. Vi opplevde felles behov for styrking av den barnevernsfaglege kompetansen, og opplevde eit behov for felles fokus der alle tilsette i tenestene fekk høve til å delta. Det utmerka seg eit ynskje til å bli betre på barnevernsfaglege vurderingar og dokumentasjon av desse. Det vart utforma prosjektplan og søkt midlar til utviklingsprosjektet «Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrenser» i 2019, med fokus på «analyse, vurdering og avgjerd». Prosjektet har sidan gjennomført kompetanseutvikling i tråd med prosjektplan.

## Målgruppe

Prosjektet er retta mot tilsette i barnevernstenestene i Vestland – og internt for tilsette i barnevernstenestene i Austevoll, Tysnes og Kvinnherad. Prosjektet har stor merksemd på samhandling på tvers av fagfelt, og førebyggjande tenester vert invitert med på opplæring av «På golvet», rettleiing og fagsamlingar der det er naturleg.

## Hovudmål

Auka kompetanse for å identifisere barn i risiko og gje rett hjelp til rett tid. Delmåla for prosjektet er:

- Sikre trygge tenester gjennom god praksis av analyse og vurderingar
- fagleg forsvarleg dokumentasjon i sakshandsaminga
- auke kunnskap og forståing ut frå traumebevisst praksis
- at barn og familiar er involvert og har innflytelse.

## Kva skal vi utvikle?

- Vi vil ha fokus på andre del av hovudmålet; rett hjelp til rett tid, og delmåla som går på sikre gode barnevernsfaglege vurdering og sikre at barn og familiar har innflytelse eller medverknad.
- Vi går frå ein fase der vi har hatt hovudvekt på forsvarleg og god praksis for sakshandsaming, og no over til gjennomføringsfasen med tilgang på rette tiltak i kommunane.
- Kommunane treng å auke tiltaksvifta si. I dette arbeidet vil kommunane invitere inn samarbeidande tenester som helsestasjon, PPT, familierettleiarar og andre førebyggjande tenester i dei respektive kommunane.
- Vi har i tillegg til vidareutvikling av lokale hjelpetiltak, som mål å auke kunnskap om kvarandre sitt ansvarsområde på tvers av tenester, noko som vil vere ein styrke inn i arbeidet med å nå måla i oppvekstreforma.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Randi Pedersen, barnevernleiar på e-post [randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no](mailto:randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom barnevernstenestene i Kvinnherad, Austevoll og Tysnes, og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)